



SANDE KOMMUNE  
Rønnebergplassen 17  
6084 LARSNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

## Sande kommune - Vedtak om løyve til utfylling i sjø ved Larsnes, gnr. 87 bnr. 23

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Sande kommune løyve til utfylling i sjø ved Larsnes, gnr. 87 bnr. 23. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.**

**Vi vedtek eit sakshandsamingsgebyr på kr 35 000 for handsaminga av søknaden.**

Vi syner til søknad innsendt 17.12.2021 om løyve til utfylling ved gnr. 87 bnr. 23 i Sande kommune.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Sande kommune løyve til utfylling i sjø ved Larsneset, gnr. 87 bnr. 23, i Sande kommune. Løyvet er gjeve med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjast gjennomført.

Sjølv om forureininga er tillate, kan det framleis verte erstatningsansvar for skade og ulempa eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

### Bakgrunn

Sande kommune søkte 17.12.2021 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Larsneset, gnr. 87 bnr. 23, ved Larsnes. Revidert søknad vart send inn 10.01.2022 etter innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune om vern av ein bautalokalitet på Larsneset.



Det skal etter revideringa av tiltaket fyllast ut med om lag 35 000 m<sup>3</sup> sprengt fjell. Arealet som vert påverka av fyllinga er 2 200 m<sup>2</sup> utan fyllingsfot og 5 500 m<sup>2</sup> med fyllingsfot. Tiltaket er planlagd utført vinter-vår 2022. Hensikta med tiltaket er å utvide kapasiteten til det offentlege hamneområde, førebu mottak av hurtigbåt, flytte og utvide kapasiteten for fritidsbåtar og sikre område for eksisterande badestrand.

## Høyring og innspel

Søknaden var på høyring til 10.02.2022. Vi fekk inn dei fylgjande kommentarane og innspela:

### Bergen Sjøfartsmuseum (19.01.2022)

Sjøfartsmuseet har ikkje vidare kommentarar til tiltaket, og syner til deira tidlegare uttale i saka. Dei minner om at det er mogleg at det ligg kulturminne i området, og dersom ein finn kulturminne som kan verte råka av tiltaket, må arbeidet straks stansast og museet kontaktast.

### Nettverk Marin Forsøpling Møre og Romsdal (28.01.2022)

Nettverk Marin Forsøpling Møre og Romsdal er ein samlearena for dei i fylket som jobbar med marin forsøpling. Dei syner til fleire medieoppslag den siste tida om funn av sprengtrådar i Ålesund-området etter tiltak i sjø, og påpeker at det er viktig med tiltak for å unngå spreiling av plast frå fyllmassar. Dei forventar at det vert stilt krav om tiltak for å unngå ny forsøpling, og at desse krava vert følgd opp. Dei forventar at det gjerast ein innsats med opprydding dersom det skulle skje at det spreiaast sprengtrådar under tiltak i sjø.

## Statsforvaltaren si vurdering

Tiltaket det søkast om løyve til omfattar utfylling i sjøen med ei vesentleg mengde steinmassar. Utfylling i sjø kan medføre spreiling av partiklar, slam, sprengtrådrestar og miljøgifter, og vi finn at det er naudsynt med løyve, jf. forureiningslova § 11.

### Sedimentforureining og partikkelspreiing

Sjøbotnen i tiltaksområdet er i søknaden oppgitt å bestå av fjellgrunn/bart fjell med noko stein. Ikring steinane kan det vere noko sediment. Kart frå NGU vedlagt søknaden syner at sjøbotnen i dette området ikkje er «gravbar». Då botnen i stor grad består av fjell, vart det ikkje gjort sedimentundersøkingar for å analysere miljøgiftnivå.

Vi vurderer at det ikkje er sannsynleg at sjøbotnen i tiltaksområdet inneheld vesentlege mengder miljøgifter som vil spreiaast som fylgle av tiltaket. Det er likevel mogleg at nokre forureiningar frå båttrafikk ved hamna i Lærdalsøyri eller frå det nærliggjande verftet (Lærdalsøyri Mek.) eller frå andre kjelder ligg i lausmassane ikring steinane på botnen. 35 000 m<sup>3</sup> sprengstein er ei vesentleg mengde massar, og desse vil kunne føre med seg finstoff og partiklar som kan gjeve miljøulempe i sjøen, jf. vilkår 4.3.

Vi ser ikkje behov for omfattande avbøtande tiltak under arbeidet, men det er viktig at arbeidet overvakast, jf. vilkår 5.1 i løyvet, med fokus på spreiling av partiklar, plast og anna avfall. Sjå komande avsnitt om fiskeriinteresser i nærleiken. Dersom utfyllingsmassane inneheld mykje finstoff, må det gjerast grep for å skilje finstoffet frå steinen.

### Plast og anna avfall

I søknaden er det oppgitt at det skal nyttast sprengt fjell frå sprenging av dokk under havnivå som utfyllingsmassar. Desse massane er oppgitt å vere reine.



Utfylling i sjø medfører ofte spreiling av sprengtrådrestar og anna avfall frå steinmassane i vatnet, med marin forsøpling som fylgle. Marin forsøpling med plast er skjemmande på strender og kan vere til skade for dyrelivet. På sikt vert plasten brote ned til mikroplast. Vilkår 4.4 i løyvet skal sikre at tiltaket ikkje medfører marin forsøpling.

#### Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har hatt utgangspunkt i informasjon tilgjengeleg i *Naturbasen* og Fiskeridirektoratet sin database. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og finn ikkje grunn til å legge vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I *Naturbasen* er det registrert større tareskogførekomstar, verdivurdert som viktige, ved Osfluda og Littlefluda. Desse har ein avstand til tiltaksområdet på om lag 250-300 meter. Vi ventar ingen vesentleg negativ påverknad, men det er viktig å ha kontroll på partikkelspreiinga under tiltaket.

I Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert større fiskefelt for aktive og passive reiskapar i Halleljorden, med ein avstand til tiltaksområdet på om lag 600 meter på det nærmeste. Vi venter ingen nemneverdig påverknad på desse frå tiltaket, då avstanden er stor.

På nordsida av Larsneset, litt over 100 meter unna tiltaksområdet på det nærmeste, er det registrert låssettingsplassar. I databasen er det oppgitt at feltet reknast som mindre viktig. Då utfyllingstiltaket vil kunne gjeve auka partikkelnivå i vatnet, bør tiltakshavar kontakte lokale fiskarar på førehand.

Det er ingen registrerte akvakulturlokaltetar i nærleiken til tiltaksområdet.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastinga som økosystemet vert usett for. Det aktuelle tiltaket medfører etter vår oppfatning ikkje risiko for større spreiling av miljøgifter eller skade på spesielle naturverdiar, og vi venter ikkje at tiltaket vil medføre eit vesentleg bidrag til den samla belastinga i området.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekkje kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltaket sin karakter og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekt eventuelle kostnadar av avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

#### Vassdirektivet

Tiltaka skal utførast i vassførekomsten ved namn *Larsnes*, som i databasen *Vann-nett* har moderat økologisk tilstand og därleg kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifølgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), normalt ikkje utførast dersom tiltaka vil medføre ein reduksjon av førekomsten sin økologiske status. På bakgrunn av vilkåra i løyvet finn vi det ikkje sannsynleg at det vil skje ein slik reduksjon som fylgle av tiltaket.

#### Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillèt utfylling i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra finn vi at tiltaket ikkje vil medfører spreiling av forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor sett opp imot samfunnsnytta ved tiltaket.



## **Erstatningsansvar**

Løyvet fritek ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

## **Vedtak om gebyr for sakshandsaminga**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til vårt brev med varsel om sakhandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova § 39-3 og 39-4. Tiltaket plasserast, som varsle, under gebrysats 6. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 35 000 for sakshandsaminga (gebrysats 6 har auka noko i storlek sidan vi varsle gebyr i desember). Faktura med innbetalingsblankett vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfall til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Ressursbruk knytt til sakshandsaminga er lagt til grunn ved avgjerda av gebrysats. Under dette høyrer gjennomgang og høyring av søknaden og innhenting av uttaler frå andre instansar, korrespondanse med søkeren og utarbeiding og ferdigstilling av løyvet. Innsats frå ulike fagpersonar hos Statsforvaltaren inngår òg.

Vedtaket om gebrysats kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjenvæst og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga får ikkje oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast slik som det er skildra over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

## **Klagemoglegheiter**

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunngjenvæst, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet på førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Klaga skal sendast via Statsforvaltaren.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmøding eller av eige initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

## **Offentleggjering av løyvet**

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet vart gjeve. Verksemda kan nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Dette er vårt forslag til kunngjeringstekst ved kunngjering av løyvet i lokalavisa:

*Sande kommune får løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Larsneset, gnr. 87 bnr. 23. Det skal fyllast ut med om lag 35 000 m<sup>3</sup> massar over eit areal på om lag 5 500 m<sup>2</sup> (med fyllingsfot) for mellom anna å utvide den offentlege hamnekapasiteten.*



Vedtak med løyve og informasjon om klagemogleigheter kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, [www.statsforvaltaren.no/More-og-Romsdal](http://www.statsforvaltaren.no/More-og-Romsdal), under «Forureining og avfall» og «Kunngjeringar».

### Tidsfristar og oppfølging

- Vedtaket skal kunngjera i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast melding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post [thomas.aurdal@statsforvalteren.no](mailto:thomas.aurdal@statsforvalteren.no).
- Løyvet er gyldig til **31.12.2023**
- Sluttrapport, jf. vilkår 6.1 i løyvet, skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er fullført.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Løyve for Sande kommune til utfylling i sjø ved Larsneset**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureininger og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikke nyttast før det øg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønsker å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2023**.

## Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Sande kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Rønnebergplassen 17, 6084 LARSNES
Org. nummer (bedrift)	974 542 161 (tilhører 822 534 422)
Lokalitet for tiltaket	Larsneset
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 321426, Y: 6901875
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 87 bnr. 23
Kommune tiltaket utførast i	Sande

## Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>	ePhorte
2022.0072.T	1514.0040.01	4	2021/6278
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
22.02.2022	-	-	

Christian Dahl (e.f.)  
fagleiar

Thomas Aurdal  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

<sup>1</sup> Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgst og 4 er lågast.



## 1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med om lag 35 000 m<sup>3</sup> reine massar i eit område på om lag 200 m<sup>2</sup> sjøbotn (5 500 m<sup>2</sup> med fyllingsfot) ved gnr. 87 bnr. 23 i Sande kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet.

## 2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresetast at tiltaket gjennomførast som angitt i revidert søknad innsend 10.01.2021 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheiteres vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadene gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føreset i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne underveis i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

## 3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsysteem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.



- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntrefte. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timer i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2016).

#### **4. Utfylling i sjø**

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden og i tråd med innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune om å verne bautaplassering.
- 4.3 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere egnar til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane. Ved høgt innhald av finstoff, må finstoff skiljast frå steinen før utfylling.
- 4.4 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreiing av sprengtrådrestar og anna avfall frå fyllmassane så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling, bruk av lense eller oppsamling frå vassflata. Massar med høgt innhald av sprengtrådrestar eller anna avfall skal ikkje nyttast til utfylling i sjø.
- 4.5 Tiltaket skal utførast under høvelege vind- og bølgjetilhøve for å redusere spreiinga av partiklar.

#### **5. Kontroll og overvaking**

- 5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet for å unngå uheldig spreiing av partiklar og sprengtrådrestar eller anna avfall. Dersom det vert gjentakande problem med stor spreiing av finstoff i vassmassane, må dei avbøtande tiltaka forsterkast.



## 6. Rapportering

6.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Skildring av avbøtande tiltak som vart gjort for å redusere forureining, partikkelspreiing og liknande under arbeidet
- Skildring av tiltak som vart gjort for å hindre spreiing av sprengtrådrestar og anna marin forsøpling under arbeidet
- Eventuelle avvik frå løyvet, uheldige hendingar eller liknande med betydning for miljøet.